



Feil namn

UKM: Feil namn hadde snike seg inn i artikkelen om ungdomens kulturmonstring i gårsdagens avis. Tiril Eirunn Einarsdotter er rett namn. Ikkje Emilie Einarsdotter som me kom i skade for å skriva. Jentebandet som var omtalt heiter 4Adamas.

Stordingane med musikkafé

MUSIKK: Laurdag føremiddag er dansebandet Stordingane tilbake på Heiane storsenter for å underhalda med trekkspelkafé. Ifølgje bassist Gisle Vik var det opp mot 250 personar innom då den seks

mann store gruppa spelte på same plass i haust.
– Me legg opp til ein liten jam, så viss nokon ynskjer å ta med seg trekkspellet, så er det berre å hengja seg med, fortel han.



Populært med lokale humo

Steinar Hystad kan ikkje gå god for at alt i hans siste bok er sant.

Steinar Hystad er ein av mange som har gjeve ut bøker dei siste vekene. I godt lag har han høyrte mange gode historier som har magasinert seg opp i den personlege harddisken, og responsen har vore så bra, at det har resultert i bok.

«Ditta må du skriva ned», har tilbakemeldingane vore.

No er det gjort, og tittelen er «Sant og usant frå den sunnhordlandske lygarbenken».

Jobbar med ny utgåve

– Det er skrive ned i løpet av året, men skrivaren må ta ei lita heilgardering ut frå det faktum at han ikkje kan gå god for sanninga i sogene han har høyrte og som blir sitert. Dei som kjem frå eige hovud er naturlegvis minst 50 prosent sanne, fortel Hystad.

For når ein sit på «lygarbenken» og fortel er det gjerne lett for å ta i litt, eller trekkja ifrå, for å koma skikkeleg i mål med punch-lina og framkalla låtten.

– Det er jo det viktigaste med smårolsinga, slår forfattaren fast.

Hystad, som hadde stor suksess med boka om Langenuen i fjor, ser føre seg ei utgåve til frå lygarbenken.

For på baksida av boka, som er illustrert av Magne Bjelland,



Arne Torget har først og fremst vore ein muntleg poet, her frå Sommarrevyen på Stord i sommar. No har hans daglege drypp på Facebook komme ut i bokform.

står det at han gjerne vil ha bidrag til ei ny bok.

– Det bør ikkje vera snev av tvil om at det skulle vera tilfang nok. Replikkunsten er som kjent særst godt utvikla i vår del av verda, skriv Hystad på baksida av boka.

Steinar Hystad har tidlegare gjeve ut fem bøker, med utgangspunkt i Stord si nyare historie.

Facebook

Ein annan moroklump som nyleg har komme med bok er stuntpoet og revyartist Arne Torget.

Han debuterte med diktet «Tollaren Bjarte» i Husnes ungdomsskule si skuleavis i 1980, og sidan har det gått slag



Spesielt moro er det at mange som har kjøpt boka fortel at dette er den første boka dei har kjøpt nokosinne

Arne Torget

i slag. Torget har vore husdiktar i lokalavisene Kvinnheringen, Grenda og Sunnhordland, der han har skildra kvardagen i lokalsamfunnet med alternative vinklingar. Dette resulterte i to bøker og eitt hefte på 1990-talet i tett samarbeid med teiknaren Trygve Hansen.

No er dei to aktuelle med «Soldrøpar», utgitt på Kapabel forlag.

Etter å ha blitt lurt inn på det store merkelege samfunnet Facebook, har Torget brukt sine observante eigenskapar til å krydra kvardagen til sine medfølgjande vener. Dei korte vitaminpillene vart så godt mottekte at nokon ville ha det i ei bok, og bok har det blitt. Ei bok full av små, morsame

rim skrivne i perioden 5. januar til 8. november i år.

Lovar fleire bøker

Sist helg sat Torget på den lokale bokhandelen og signerte bøker. Tidlegare har han gjort det same i Rosendal, og no i helga deltek han på Fanari på Stord.

– Eg har fått mange gode tilbakemeldingar, og så langt er det selt om lag 400 bøker, noko som er bra, seier dei. Spesielt moro er det at mange som har kjøpt boka fortel at dette er den første boka dei har kjøpt nokosinne. Dette er jo ein spesiell måte å laga bok på, den har jo vorte laga på Facebook, fortel Torget, som tykkjer dette har vore eit artig prosjekt å jobba med.

– Eg har først og fremst vore ein muntleg poet, difor har det ikkje blitt så mange bøker. Eg har rett og slett ikkje hatt overskot til det. Men no har eg, og eg ser ikkje vekk frå at det kjem fleire bøker, røper Torget.

– Eg likar godt å skriva og formidla, og har fleire sjangrar på lager, mellom anna nokre noveller, fortel Torget.

MAGNE KYDLAND

magne@sunnhordland.no

Steinar Hystad har samla lokale, morsame historier. Slikt blir det bok av. FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN



Lokal bokflaum

Mange lokale forfattarar er bokaktuelle i år. Her er vår oversikt:

■ Anne Karin Fonneland frå Kvinnherad er ute med dikt-

boka «Det er så lyst» på Wigestrand Forlag.

■ Lars Amund Vaage frå Kvinnherad er ute med dikt-boka «Den summe» på forlaget Oktober.

■ Anita Kristensen frå Stord er ute med romanen «For riket er ditt» på forlaget Publica.

■ Erlend Flornes Skaret frå Bømlo har skriva romanen

«Wroclaw», som er gjeven ut på Samlaget.

■ Svein Tarald Landa Framnes frå Fitjar har gjeve ut romanen «Juletre i Afrika» på Aschehoug.

■ Anna R. Folkestad frå Stord debuterte i år med barneboka «Henrik And» på Samlaget.

■ Arne Torget frå Kvinnherad er aktuell med diktsamlinga

«Soldrøpar» på Kapabel forlag.

■ Magne Heien frå Kvinnherad har gjeve ut dikt-boka «Gjest» på Kapabel forlag.

■ Heidi Eikremsvik har gjeve ut boka «Levande tradisjonsmat - Smaken av Sunnhordland» på Kapabel forlag. Dette er årboka til Sunnhordland Museum.

■ Ingelin Røssland frå Tysnes

er bokaktuell med «Minus meg» på Cappelen Damm.

■ Hans Sande, som har tilknytning til Kvinnherad, er ute med «Pappa er sjørøver» på Cappelen Damm.

■ Tor Arve Røssland frå Kvinnherad er ute med boka «GAMER» på Mangschou forlag.

■ Ragnar Hovland, som ofte er



Tor Arve Røssland.



Ingelin Røssland.



Lars Amund Vaage.



Ragnar Hovland.



Hans Sande.